

## Handsaming av merknader og uttaler til planarbeidet

Plannamn	Detaljregulering for Selvågen
Arealplan-ID	1241201401
Saksnummer	16/1084
Utarbeida av	Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Datert/revidert	12.10.2018

Avsendar	Dato	Samandrag av uttaler	Kommentar/handsaming/ vis til endring i plankart/ føresegn
Fylkesmannen i Hordaland	23-04-2014	Ber om at strandsones kvalitete må takast omsyn til planprosessen.  Svaberg i nord må vera tilgjengeleg.  Kritisk til bygging av private naust då dette er arealkrevjande.	Strandsone med svaberg vert naturområde med allmenn tilgjenge. Ingen skal eiga strandsona.  Strandsone med svaberg vert naturområde med allmenn tilgjenge. Ingen skal eiga strandsona.  Planen legg opp til fellesnaust bygd i 2 rekker. Dette krev mindre areal. Nausta ligg i eit område som ikkje vert nytta pga bratt terreng og attgroing.
Hordaland Fylkeskommune, planseksjonen	24-04-2014	Eit generelt innspel om kva planen bør leggja vekt på, og om krav i.h.h.t kulturminnelova	Ok
Fylkeskommunen, kultur- og idrettsavdelinga	19-08-2014	Ved synfaring 13.05.2014 vart det ikkje påvist automatisk freda kulturminne. Potensiale for funn er heller lite.  Feltet er særst fint opparbeidd m.h.t tilpassing til terreng og minimale terrenginngrep.	To tomter er ikkje bygd på. Dei skal på same måte som eksisterande bygg tilpassast terrenget.

Statens vegvesen	27-03-2014	<p>Frisiktsoner skal visast på plankartet med tal og symbol og omtalast i føresegnene.</p> <p>Svingradius skal visast på plankartet</p> <p>Byggegrenser: SV aksepterer 15 m byggegrense frå eksisterande punktfeste og til vegmidte. Skal visast i plankartet.</p> <p>Anna veggrunn på 3 meters breidde skal innarbeidast i plankartet på begge sider av Fylkesvegen</p> <p>Avkøyringa til Fylkesvegen må vere oppgradert i samsvar med reguleringsplanen og godkjent av SV før nye utbyggingstiltak i planområdet vert teken i bruk.</p>	<p>Vert innarbeidd på plankartet. Ordlyden vert teken med i sin heilskap i føresegnene.</p> <p>Innarbeidast på plankartet.</p> <p>Ok</p> <p>Fylkesvegen ligg utanfor planområdet.</p> <p>Ok</p>
NVE	22-04-2014	Ingen merknader	
Direktoratet for mineralforvaltning			Ikkje aktuelt
Forsvarsbygg			Ikkje aktuelt
Kystverket			Ikkje aktuelt

#### Merknader etter høyring 31.03.2017

Avsendar	Dato	Samandrag av uttaler	Kommentar/handsaming/ vis til endring i plankart/ føresegn
Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga	12-05-2017	<p>1: Føresegner knytt til naust bør oppdaterast og småbåthamn må ikkje være til hinder for allmenn ferdsel.</p> <p>2: Må søke å unngå inngrep i kulturlandskapstrekk som steingarder, eldre</p>	<p>1: Føresegner oppdatert.</p> <p>2: Planen legg ikkje opp til inngrep som merkningen nevner.</p>

		vegar/stiar, bakkemurar , tufter.	
Fylkesmannen		Ingen merknader	Ok.
Statens Vegvesen	03.05.2017	<p>1: Det må takast inn at alle tiltak innafor byggegrense mot veg må avklarast med statens vegvesen</p> <p>2:Krav til sikt i avkøyrsla er 4x100 m</p> <p>3: I føresegn 1.3.4 heiter det ar kryss til fv. 121 skal godkjennast av Statens vegvesen før nye utbyggingstiltak vert tekne i bruk. Dette må endrast til : Kryss ved Fylkesvegen skal vera oppgradert i samsvar med reguleringsplan og godkjennast av SVV før det vert gitt løyve til nye tiltak.</p>	<p>1: Merknadtatt inn i føresegner.</p> <p>2: Tatt inn i plankart.</p> <p>3:Føresegna er i samsvar med innspel komen ved oppstart av plan datert 27.03.17. Å endre dette til at ingen tiltak kan gjerast i eit eldre felt gjev for store konsekvensar og ein kan risikere at tiltak ikkje blir omsøkt. Føresegn blir ståande som bedt om i 2014.</p>
Erling Berge	05.04.2017	Plan tar ikkje hensyn til god tilkomst til svaberg	Oppdatert 12.10.2018 Merknad delvis tatt til følgje. .Opprinneleg tenkt tilkomst går ned ei steinrøys Tomtegrensa til tomt 2 er derfor flytta og gangveg er no på utsida av steinrøysa.
Sissel og Asbjørn Løno	16.05.17	<p>1: Ønsker veg med 3 meter bredde til tomt 1 og 5.</p> <p>2: Ønsker tomtegrensa trekt nordover som på tomt 10.</p>	<p>1: Ønske om veg er ikkje tatt til følgje. Det skal være felles parkering og minimal opparbeiding i feltet.</p> <p>2: Det skal være tilkomst til sjø på utsida av tomta,. Merknad ikkje tatt til følgje.</p>

Merknader etter høyring 19.06.2018

Avsendar	Dato	Samandrag av uttaler	Kommentar/handsaming/ vis til endring i plankart/ føresegn
Fusa Kommune	10-10-2018	<p>1: Kommunen minner om at det skal være tilfredsstillande tilkomst til sjø mellom tomt 2 og tomt 3. Eksisterande stiar og tilkomstar skal ivaretakast jf. tidlegare vurderingar i saka.</p> <p>2: Kommunen minner om at høyring blei fatta med vilkår og at føresegner skal oppdaterast etter vedtak.</p>	<p>1: Eigedomsgrense for tomt 2 i område for tilkomst til sjø er flytta 1 meter for å sikre eksisterande tilkomst i ei bredde som er tilstrekkeleg. Med dette vurderer me at kravet er oppfylt.</p> <p>2: Føresegner er oppdatert etter vedtak.</p>
Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga	24-08-2018	<p>1: Ingen merknad til føresegner men peikar på at behovet for naust er annleis i dag enn tidlegare då båter i dag ligg på sjøen heile brukssesongen og elles ligg på opplagsplassar på land dit dei gjerne vert transportert med bil. Tilrår at kommunen konkret vurderer behovet for naust.</p>	<p>1: Selvågen blir til dels isdekka i kalde periodar slik at det ikkje er gunstig for båtar å ligge ute. Manglande tilgang på naust med gode båtopptrekk gjer at mange båtar blir liggande ute når dei burde lagt inne. At det er svært mange som ikkje har tilgang til naust og dermed må kjøpe båthengar og transportere båt til opplagsplassar bør ikkje være argument for at ein ikkje kan ha naust på plasser der det ikkje er andre tungtvegande argument mot.</p>
Fylkesmannen	16-08-2018	Ingen merknader	Ok.